

DAGSORDEN

Styringsgruppa for Miljøløftet

Stad: Teams
Dato: 19. juni 2026
Klokkeslett: 12.00-14.00

Saksbehandlar: Kari Gåsemyr

Dato: 12. juni 2026

DAGSORDEN	1
Saksliste byvekstavtalen.....	1
Sak 32/26 Godkjenning av innkalling og saksliste	1
Sak 33/26 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 27.03.2026	2
Sak 34/26 Rapportering per 1. tertial.....	2
Sak 35/26 Orientering om endring i byindeksmetoden og bruk av glidande indeks ...	2
Sak 36/26 Togets andel i byvekstområda.....	3
Sak 37/26 Pilot for kilometerbaserte bompengar	3
Sak 38/26 Skriftlege orienteringar	3
Sak 39/25 Eventuelt, byvekstavtalen	3
Saksliste bypakke Bergen	4
Sak 40/25 Eventuelt, bypakke Bergen.....	4

Saksliste byvekstavtalen

Sak 32/26 Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.

Sak 33/26 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 27.03.2026

Sjå vedlegg 1 og 1 a

Vedlegg 1 er korrigert referat frå styringsgruppa sitt møte 27.03.2026.

Vedlegg 1a er utkast til referat frå styringsgruppa sitt møte 24.04.2026

Forslag til vedtak: *Vedlagte referat frå møta i styringsgruppa 27.03.2026 og 24.04.2026 er godkjente.*

Sak 34/26 Rapportering per 1. tertial

Sjå vedlegg 2

Økonomirapportering

Økonomirapport frå 1. tertial er klar. Det er venta eit mindreforbruk på om lag 244 millionar i 2026 og det er rapportert om følgjande årsaker til dette:

- Forseinkingar i prosjektgjennomføring
- Varig innsparing på ferdige prosjekt
- Planlagt mindreforbruk

For Bypakke Bergen viser prognosen høgare inntekt enn planlagt. Årsaka er prisauken på bompengar for elbilar, samstundes som det har vore meir trafikk enn venta.

Målrapportering

Det er nullvekstmålet for persontransport med bil som ligg til grunn for byvekstavtalane. For oppfølginga av avtalane ligg det eit felles indikatorsett til grunn. *Byindeksen*, som blir estimert ut frå definerte trafikkregistreringspunkt (trafikkteljingar) er hovudindikatoren for å følgje opp nullvekstmålet. Samla oversikt over utviklinga i byvekstavtalane er tilgjengeleg her: [Trafikkutvikling | Statens vegvesen](#). Tala viser at trafikken aukar.

Då prioriteringsrådet drøfta rapporteringane i sitt møte 1. juni 2026 konkluderte dei slik:

Prioriteringsrådet merkar seg at tertialrapporteringa viser at mindreforbruket går ned, og at bompengeinntektene aukar. Prioriteringsrådet ser likevel med uro på at tala viser at trafikken aukar.

Med utgangspunkt i denne konklusjonen foreslår sekretariatet følgjande vedtaksformulering for styringsgruppa:

Forslag til vedtak: *Styringsgruppa merkar seg at tertialrapporteringa viser at mindreforbruket går ned, og at bompengeinntektene aukar. Styringsgruppa ser likevel med uro på at tala viser at trafikken aukar.*

Sak 35/26 Orientering om endring i byindeksmetoden og bruk av glidande indeks

Sjå vedlegg 3 og 3b

Sekretariatet informerte partane i Miljøløftet per e-post 2. juni 2026, om at Statens Vegvesen har utvikla ein forbetra byindeksmetode.

[Byindeksen](#) er hovudindikatoren for måloppnåing i byvekstavtalane. Statens vegvesen har over noko tid sett behov for å forbetre metodikken, redusere uvisse knytt til byindeksen og

å følgje utviklinga i personbiltrafikken tett. Statens vegvesen har derfor foreslått forbetringar i metodikken for utrekning av byindeks. Samferdselsdepartementet har slutta seg til Statens vegvesen sine tilrådingar om at forbetra byindeksmetode blir tatt i bruk som grunnlag for vurdering av måloppnåing i byvekstavtalane, og at eitt års glidande indeks erstattar tre års glidande indeks (sjå vedlegg 3b). Eittårig indeks gir meir tidsnære målingar, og forbetra byindeksmetode gir eit meir presist, robust og samanliknbart grunnlag for å følgje utviklinga i personbiltrafikken.

Statens vegvesen orienterer om forbetra metodikk i møtet

Forslag til vedtak: *Styringsgruppa tek saka til orientering.*

Sak 36/26 Togets andel i byvekstområda

Sjå vedlegg 4

Jernbanedirektoratet har inngått rute-, takst- og billettsamarbeidsavtalar i dei fleste fylkeskommunane der det går tog. Dei har fått utarbeidd ein rapport om «Togets andel i byvekstområdene» for Trondheim, Bergen, Nord-Jæren og Oslo. Rapporten omhandlar dei heilintegrerte takstsamarbeida, der fylkeskommunen sine billettar og prisar også gjeld på toget. Målet med rapporten er å gi eit grunnlag for ein faktabasert diskusjon mellom stat og fylkeskommune om dei økonomiske konsekvensane av takstsamarbeidsavtalene.

Forslag til vedtak: *Styringsgruppa tek saka til orientering.*

Sak 37/26 Pilot for kilometerbaserte bompengar

Statens vegvesen informerer om at dei i samarbeid med forskingsprosjektet GRØNBY i regi av SINTEF skal bidra til å teste tekniske løysingar for ein pilot for kilometerbaserte bompengar. Piloten skal rullast ut hausten 2026 med 300 deltakarar i Bergen og 300 deltakarar i Oslo. Seinare skal det testast ein utvida pilot i Oslo med 1800 deltakarar.

Rekruttering av deltakarar til pilotane vil stare over sommarferien.

Forslag til vedtak: *Styringsgruppa tek saka til orientering*

Sak 38/26 Skriftlege orienteringar

Sjå vedlegg 5a og 5b

I denne saka har vi lagt ved to skriftlege orienteringar som kan drøftast ved ønskje om dette:

- a) Byutgreiinga har blitt behandla lokalpolitisk hos alle lokale partar i Miljøløftet. Vedlagte dokument viser vedtaka, samt ei kort samla oppsummering av dei.
- b) Statens vegvesen har utarbeidd eit dokument som viser høyringsuttalene som er gitt til byutgreiinga og Statens vegvesen sine kommentarar til høyringsuttalene.

Forslag til vedtak: *Styringsgruppa tek saka til orientering.*

Sak 39/25 Eventuelt, byvekstavtalen

Saksliste bypakke Bergen

Sak 40/25 Eventuelt, bypakke Bergen